



INFORMASJONS- BROSJYRE

2018 - 2019



elkomen som søkjar til eit nytt skuleår ved Skjåk kulturskule!
Denne brosjyren vil gje deg informasjon om dei ulike tilboda ved kulturskulen skuleåret 2018/ 2019.

Søknadsfrist for alle tilbod er 1. mai

Alle som skal søkje plass, må gjere dette via internett.

Søknadsskjemaet ligg på www.skjaak.kommune.no

Frist for skriftleg oppseiing av elevplass er og 1.mai. Send denne til oddrun.kvalheim@skjaak.kommune.no , eller lever i servicetorget på kommunehuset.

På grunn av stor interesse har vi få ledige plassar på ein del av tilboda. Alle som søker innan fristen er med på opptaket, dei som søker etter fristen får berre plass på dei aktivitetane som ikkje er fulle. Dersom elevar ikkje kjem inn på tilbodet dei ynskjer, har vi ventelister.

Målsettinga for undervisninga ved Skjåk kulturskule er å

- gje alle elevar moglegheit til å utvikle kunnskap og dugleik i kunstfag
- gje alle elevar moglegheit til å finne og formidle eigne kunst- og kulturuttrykk
- styrke elevane si estetiske, sosiale og kulturelle kompetanse
- styrke elevane si evne til kritisk refleksjon og sjølvstendige val
- gje moglegheit til fordjuping som kan danne grunnlag for vidaregåande og høgare utdanning innan kunst- og kulturfag
- saman med skuleverket medverke til eit heilskapleg kunst- og kulturfagleg tilbod til alle barn og unge
- som lokalt ressurscenter medverke til å styrke kulturell kompetanse og utvikling
- saman med kulturlivet tilby kunst- og kulturfagleg støtte til opplæring og formidling til heile lokalsamfunnet

Rektor ved Skjåk kulturskule har kontor på kommunehuset i Bismo, og er å treffe på telefon 90 67 41 50, mail: oddrun.kvalheim@skjaak.kommune.no, eller stikk innom for ein prat.

Tilboda ved Skjåk kulturskule skuleåret 2018/ 2019:

Alle tilbod vert lyst ut med atterhald om politisk godkjenning

Slagverk – frå 1.klasse

Gitar – frå 1.klasse

Bass – frå 1.klasse

Torader – frå 1.klasse

Fele – frå 1.klasse

Song – frå 5.klasse

Vokalist i samspelgruppe – frå 3.klasse

Visuell kunst – frå 5.klasse

Minikarusell , 3-5 år

Karusell kunst – 1. til 4. klasse

Karusell idrett – 1. til 4.klasse

Dans1 – 1.til 3.klasse

Dans 2- 4. til 6.klasse


Dans 3 – 7.klasse til og med vidaregåande

Informasjon om tilboda.

Kulturskulane i Noreg har ny rammeplan som inneheld nasjonale fagplaner innan alle - områder. Undervisninga er inndelt i tre program : kjerneprogram, breddeprogram og fordjupingsprogram.

Rammeplanen og fagplanane kan du lese i sin heilskap ved å gå inn på

<http://www.kulturskoleradet.no/rammeplanseksjonen/rammeplanen>



Kjerneprogram innan musikk

Programmet har opptak for elevar som ynskjer å lære å spele eit instrument. Dette er ein prosess som krev tid, motivasjon og øving heime.

Undervisninga er basert på progresjon og systematisk trening. Elevane vil få opplæring både individuelt og i samspelegrupper. Kjerneprogrammet i musikk krev tett samarbeid mellom heim-skule i høve musikalsk utvikling, framdrift og eigenøving.

Mål for musikkopplæringa

Gjennom arbeidet med musikk skal elevane

- utvikle seg til sjølvstendige utøvarar som har glede over musikk gjennom heile livet
- bli aktive lyttarar med eit nært forhold til musikk
- få bruke sitt læringspotensiale fullt ut
- utvikle evne til samspele og samarbeid
- bli ressurspersonar som medverkar til eit levande kulturliv

Læringsmål innan musikk:

Faget er inndelt i fire nivå og faser (byrjarnivå, mellomnivå, høgare mellomnivå og vidarekome nivå) Innan alle faser skal elevane jobbe med fem nøkkelkompetansar: høre, lese, lage, øve og framføre. Døme på læringsmål :

Høyre: eleven skal kunne imitere; spele /syngje melodiar på gehør

Lese: eleven skal lære å lese noter

Lage: eleven skal komponere og notere eigne melodiar

Øve: eleven skal øve jamleg og samarbeide med lærar og føresette om gode øvingsrutinar

Framføre: eleven skal få erfaring med å framføre musikk på små og store arenaer

Slagverk: *Du vil få undervisning på trommesett og anna perkusjonsutstyr. Undervisninga skjer både etter gehør og noter. Undervisninga gjev opplæring innan ulike spelestilar og sjangrar.*

Gitar og bass: *Det vert gjeve undervisning på akustisk gitar, el. gitar, el. bass eller kontrabass. Læringa skjer både med og utan noter. Du vil få opplæring i akkompagnementspel og solospel innanfor ulike sjangrar slik som; rock, pop, blues, gammaldans, folkemusikk, klassisk og jazz.*

Torader: *Opplæringa her er mest fokusert rundt gammaldans og folkemusikk, men du vil og få prøve deg innan andre sjangrar og stilartar.*

Fele: *Undervisninga er mest basert på spel etter gehør, men du skal og få lære å spele etter noter. Du vil få opplæring med basis i folkemusikk, men og prøve deg på andre spelestilar og sjangrar. Det vert brukt feler med forskjellig storleik, alt etter kva som passar deg best.*

Song: *Individuell songopplæring for elevar frå 5. klasse og oppover. Stemmebruk og songteknikk. Her vil du og få opplæring innan musikkteori, så som note- og rytmeinnlæring samt teori og omgrep du treng for å utvikle deg som songar.*

Vokalist i samspelsgruppe: *For barn 3.klasse og oppover, samt ungdom. Skjåk kulturskule har samspelsøving for band kvar veke. Barn og unge som ynskjer å vera vokalistar i samspelsgruppe, må gjennom ei opptaksprøve for å finne ut om stemma passer som vokalist i band.*

The image shows a musical exercise for guitar. It consists of two measures of music. The first measure has a treble clef and a key signature of one flat (B-flat). The notes are: F (first space), A (second space), C (third space), E (fourth space), G (first line), H (second line), D (second space), F (second space), A (third space), C (third space), E (fourth space). The second measure has the same key signature and notes: E (fourth space), G (first line), H (second line), D (second space), F (second space), A (third space), C (third space), E (fourth space), G (first line), H (second line), D (second space). Below the staff is a TAB (Tuning) staff with fret numbers: 1 0 3 2 0 0 3 1 5 8 12 for the first measure, and 0 3 2 0 3 2 1 0 3 7 10 for the second measure.

Kjerneprogram innan visuell kunst

Visuell kunst gjev opplæring innan ulike tema, arbeidsområder, fagfelt og fag. Komponentar i undervisninga vil vere;

- Strek og flate
- Farge og tekstur
- Komposisjon, struktur og taktilitet
- Tid og rom
- Kropp
- Tredimensjonal form
- Form og funksjon
- Abstraksjon og forenkling
- Teknikk-/ verkty-/ materialbruk
- Finne hensikt og sjå samanheng

Døme på læringsmål for visuell kunst :

- Mestre fagspesifikk basisdugleik i ulike teknikkar og kunstsjangrar
- Tileigne seg eit breitt spekter av materialkunnskap
- Utvikle kritisk sans, grundigheit og tålmod
- Arbeidet med kunsthistorie og lokalhistorie i praktisk arbeid
- Tileigne seg eit naudsynt omgrep- og analysereiskap for å samtale om visuelle uttrykk
- Delta i skapande prosessar frå ide til produkt

Visuell kunst: *Eit tilbod for ungdom frå 5.klasse og oppover. Gjennom visuell kunst får elevane høve til å oppdage og utvikle sine evner i møte med kunstnariske verkemiddel, materialar, reiskap, teknikkar, visningsarenaer og ei inspirerende undervisning. Opplæringa i visuell kunst baserer seg på handtverk og grunnleggjande ferdigheiter, samt stimulere elevane sin fantasi og kreative flyt. Elevar som tek del i aktiviteten over fleire år vil etter kvart finne sitt eige uttrykk, skjerpe blick og hand, samt skape sin identitet innan kunstfeltet. Kerneprogrammet i visuell kunst krev tett samarbeid mellom heim-skule i høve kunstnarisk utvikling, framdrift og eigentrening.*

Kjerneprogram innan dans

Skjåk kulturskule har dansetilbod for barn og ungdom frå 1.klasse til og med vidaregåande opplæring.

Mål for danseopplæringa er at elevane skal:

- Utvikle danseglede og evne til å utvikle dans som del av si livsutfalding
- Utvikle uttrykksevne, romforståing, musikalitet, formsans og dugleik
- Kunne bruke dans som kommunikasjon- og uttrykksmiddel
- Oppleve glede ved meistring, positiv sjølvutvikling og utvikle sitt læringspotensial
- Utvikle kritisk tenking, disiplin og samarbeid
- Bli ressurspersonar som bidreg til eit levande kulturliv

For elevar på dans 1 vil undervisninga vere leikbasert. Her vil det ikkje bli stilt krav til eigenøving heime.

Dans er ein kunstform som berre kan lærast gjennom langsiktig og systematisk undervisning og eigeninnsats. Etter kvart som elevane blir eldre vil det vere naudsynt med eigenøving mellom undervisningstimane for å få eit større læringsutbytte og utvikling, både for kvar einskild eleven og gruppa. Det blir stilt krav om at elevane møter førebudd, positive og motiverte til danseundervisning, samt syner god treningskultur.

Døme på læringsmål. Eleven skal :

- Meistre fagspesifikke basisdugleik relatert til eigen kropp, sjanger og dansefaget sin eigenart
- Tileigne seg kunnskap om musikken sin form, rytme og stemning
- Tileigne seg kunnskap om enkle koreografiske prinsipp
- Lære å reflektere over eiga læring og utvikling.
- Delta i skapande prosessar frå ide til produkt

Dans 1:

Dans for barn 1. – 3. klasse.

Elevar her får utfalde seg i kreativ barnedans, smake på noko teknikk, samt utforske dansen med leik og rytme.

Dans 2: *Dans for barn 4. – 6. klasse.
Tilbodet gjev opplæring innan jazzballett og kreativ dans, med vekt på teknikktraining, innstudering av koreografi og danseglede.*

Dans 3: *Dans for ungdom 7. klasse, ungdomsskule og vidaregåande skule.
Tilbodet gjev opplæring innan jazzballett og kreativ dans, med vekt på teknikktraining, innstudering av koreografi og danseglede.*

Dansetilboda er eit samarbeid mellom kulturskulane i Lom og Skjåk og Vinstra vidaregåande skule. Aktiviteten er avhengig av nok påmeldte for å kunne ta til med undervisning.

Breddeprogram

Gruppebasert undervisning som vil gje elevane smakebitar frå dei ulike kunst- og aktivitetsområda.

Minikarusell , 3-5år: *Eit tilbod til barn frå 3 til 5år saman med foreldre.
Minikarusell har hovudfokuset på musikk, men elevane vil og få leike og utforske seg i andre kunstområde så som teater, visuell kunst og dans.*

Karusell kunst: *Eit tverrfagleg kunsttilbod for barn 1. – 4. klasse, innan områda teater, musikk, dans og visuell kunst.
Elevar som går på tilbodet over fleire år vil med auka kompetanse, kunnskap og erfaring gradvis få større utfordringar og oppgåver i gruppa.*

Karusell idrett: *Eit tilbod for barn 1. – 4. klasse. I dette tilbodet ligg fysisk aktivitet og elevane vil få utfalde seg innanfor fire basisområde; ballaktivitetar, basisaktivitetar, vinteraktivitetar samt friluftsliv og uteaktivitetar.
Elevar som går på tilbodet over fleire år vil med auka kompetanse, kunnskap og erfaring gradvis få større utfordringar og oppgåver i gruppa.*

Karusell kunst og idrett vil gå på ulike dagar i SFO tida.
Elevar kan såleis vera med på begge tilboda.

Undervisningsstader

- Musikk- og vokalundervisning går føre seg på kulturskulen i Bismo (kommunehuset inngang bak v/ parkeringsplassen).
- Formgjeving og Minikarusell er på Skjåk barne og ungdomskule.
- Karusell kunst og Karusell Idrett er på Skjåk barne og ungdomskule.
- Dans har undervisning i dansesalen i Bismo, Industrivegen 30 (lokala til gamle Skjåk Snekkeri).

Utleige av instrument

Kulturskulen har bassgitar, gitar, torader, fele og slagverk til utleige. Dette har vi for at nybyrjarar skal kunne prøve å spele utan å måtte kjøpe instrument.

Utleigepriser

Torader, fele og slagverk: 1250,-

El bass og el gitar m/forsterkar: 850,-

Akustisk gitar: 500,-



Dette kan du forvente av Skjåk kulturskule:

- *Opplæring av kvalifiserte pedagogar og/ eller utøvarar.*
- *Opplæring tilpassa den enkelte elev sine føresetnader , behov og interesse (nivå)*
- *Ta del ved ulike typar arrangement.*
- *At lærarane kan gje råd ved kjøp av eige instrument eller utstyr.*
- *At du får beskjed frå skulen om læraren er sjuk eller forhindra frå å undervise.*
- *Dersom læraren er sjuk eller forhindra frå å undervise, freistar skulen etter beste evne å skaffe vikar.*
- *At alle som søker plass, får beskjed om inntak eller venteliste plass, før oppstart av nytt kulturskuleår.*
- *Dersom du står på venteliste til ein aktivitet, rykkjer du fram i køen etter kvart som elevar sluttar, og treng ikkje søkje nytt inntak kvart år.*
- *At kulturskulen utarbeidar ein årsplan for kvart skuleår som blir utdelt ved oppstart.*

Dette forventar vi av deg som er elev ved Skjåk kulturskule:

- *At du er motivert og har lyst til å øve for å verta betre.*
- *At du møter opp kvar veke, eller gjev beskjed så tidleg som mogleg til læraren din dersom du ikkje kan møte. Elevar som ikkje melder frå til læraren sin om at dei er borte tre gonger i eit semester, mister plassen sin på tilbodet. Eleven må likevel betale elevavgift ut skuleåret. Elevar som er borte to gongar utan å gje beskjed, vil få skriftleg åtvaring frå rektor om at han står i fare for å misse plassen sin.*
- *At du set av tid til å vera med på konsertar, framsyningar, utstillingar og prosjekter utanom den ordinære undervisninga.*
- *At du overheld fristar for inn- og utmelding (1.mai).*

Vi gjer merksam på at du ved gjentatt ugyldig fråvær, ved manglande interesse eller dårleg oppførsel kan miste plassen din.

Dette forventar vi av deg som er føresett ved Skjåk kulturskule:

- *At de oppmuntrar og støtter eleven, og legg forholda til rette for dagleg øving heime.*
- *At du melder frå til læraren dersom eleven skal vera borte frå undervisninga. Elevar som er borte to gonger i eit semester, utan å gje beskjed, vil få skriftleg åtvaring frå rektor om at han står i fare for å misse plassen sin. Elevar som ikkje melder frå om at dei er borte tre gonger i eit semester, misser plassen sin på tilbodet. Eleven må likevel betale elevavgift ut skuleåret.*
- *At de tek kontakt med læraren dersom de har spørsmål eller ynskjer å koma med innspel til undervisninga.*
- *At de etter avtale med læraren, kjøper noter og nødvendig utstyr.*
- *At de tek godt vare på instrument/ utstyr til skulen. Føresette er ansvarlege for å dekke skade på instrumentet om eleven har forårsaka dette gjennom uvettig handtering*
- *At de må varsle skriftleg dersom eleven skal slutte. Ein må vera elev gjennom heile skuleåret. Dersom eleven sluttar i løpet av -året, må han likevel betale full elevavgift. Elevar som skal slutte, men som ikkje seier opp plassen sin skriftleg innan 1.mai, blir registrert som brukarar inn i nytt skuleår og må såleis betale elevavgift etter ordinær sats.*
- *At de overheld fristar for elevbetaling.*

Dersom du er elev ved skulen og ynskjer å halde fram med same aktiviteten neste år, treng du ikkje søkje på nytt. Dersom du ynskjer å slutte på den aktiviteten du er med på i år, må du melde frå om dette skriftleg innan 1. mai. Elevar på minikarusell må søkje kvart år (bruk ordinært søknadsskjema på www.skjaak.kommune.no).

Framsyningar, konsertar utstillingar og oppdrag:

Kulturskulen har fleire ulike framsyningar, konsertar og utstillingar kvart år, alt frå store tilstellingar til små huskonsertar.

Elevar på kulturskulen vert og ofte spurt om å opptre på ulike tilstellingar rundt omkring i bygda.

Elevavgift for skuleåret 2018/ 2019:

Med atterhald om politisk godkjenning

Undervisning	Årleg	Materialavgift
<i>Opplæring på instrument u/ samspel</i>	2820,-	
<i>Opplæring på instrument m/samspel</i>	3500,-	
<i>Vokalist i samspelsgruppe</i>	1997	
<i>Songopplæring</i>	2820,-	
<i>Minikarusell 3- 5 år</i>	1492	
<i>Karusell kunst</i>	1492	504,-
<i>Karusell idrett</i>	1492	
<i>Visuell kunst</i>	1492	834,-
<i>Dans 1, 2, 3</i>	2303,-	

I visse høve kan føresette søkje om reduksjon i elevavgifta.

Ta kontakt med rektor ved kulturskulen for meir informasjon

Foreldregrupper ved Skjåk kulturskule

Inger Helene Brandsar (leiar)	tlf. 90123165, ihbrandsar@gmail.com
Yirgealem Gerezgabher	tlf. 47166179, yirga23@yahoo.com
Ruth Aurmo	tlf. 97186521, ruthaurmo@yahoo.com
Kåre Plassen	tlf. 90855794, plaso41@hotmail.com
Liv Steinbakke	tlf. 47647242, livsteinbakke@icloud.com
Geir Byre	tlf. 99028292, geir.byre@gmail.com
Tor Erik Myhren	tlf. 99297627, torerikmyhren@msn.com

Slik går du fram når du skal søkje om plass ved kulturskulen:

1. Gå inn på nettadresse www.skjaak.kommune.no
Trykk så inn på skule og barnehage nedst på heimesida, så vidare på linken Skjåk kulturskule
2. Trykk inn på rubrikken «til søknadsskjema» under overskrifta.
3. Fyll ut dei ulike rubrikkane og sidene
4. Når du har fylt ut dei ulike rubrikkane, klikk så på bekreft påmelding, du vil da få ein epost med stadfesting på at søknaden er levert Skjåk kulturskule
 - Søknadsfrist hovudopptaket er 1. mai.
 - Mogleg å søkje heile året
 - Treng du hjelp til utfylling, kontakt servicetorget
 - Treng du å låne datamaskin for å kunne søkje, finn du dette på Skjåk folkebibliotek